



Jannike Myklebust på Spar har nett selt ein CD til ein fornøgd kunde.

**Mange uskedeligar har venta på at Elsa og Emilie skulle kome med CD. Bakgrunnen for dette er at den populære jenteduoen frå Haugesund hadde ein strålende konsertopptreden under Festidalen i byrjinga av august. I september kom CDen Endless Optimism, og no er den å få kjøpt fleire stader i Kvinnherad. Her i bygda kan vi få kjøpt den på Spar.**

- Det blir kjekt å sjå om folk likar det eller ikkje, og sjå litt anmeldelsar, sa Elsa Søllesvik (18) til NRK Rogaland i samband med lanseringa. Dei kan glede seg over gode ord frå anmeldarane og positiv mottaking av publikum. Dei to jentene imponerer både som songarar og som låtskrivarar. Produktet viser og at det er proffe folk som står bak innspeling og studioarbeid.

Kvinnheringen Elsa Søllesvik budde på Sunde før familien flytta til Haugesund. Der møtte ho Emilie Haaland Austrheim gjennom kulturskuleaktivitetar. Frå dei var 13 år har dei spelt og skrive låtar saman. Etter kvart har dei to dugande jentene fått stor mediemerksemd, og dei har opptredd i mange store samanhengar. Dette var bakgrunnen for at det vart engasjert til å ha Festifjellet-konserten på Storhaug under Festidalen dette året. Av verårsaker måtte den flyttast til Helgheim. Like fullt vart det ein skikkeleg suksess. Publikum var begeistra, og arrangøren var storfornøgd med konserten.

Elsa og Emilie er no elevar ved musikklinja på velkjende Skeisvang videregående skole. Tidlegare har dei hatt elevar som Susanne Sundfør, Odin Staveland, Lido Lido og mange fleire dyktige artistar.

Elsa er elles beviset på at ordtaket om at eplet ikkje fell langt frå stamma, stemmer. Mora, Anita Lunde frå Valen, var frå midt på 80-talet svært dyktig vokalist og låtskrivar i banda Sundance og Headin` West. Ho opplevde både plateinnspelningar og turnear landet rundt. Faren, Oddgeir Søllesvik frå Omvikdalen, er nok langt meir kjent som trenar og idrettsleiar enn som muskar.



CDen Endless Optimism viser at Elsa og Emilie har mykje å gje til publikum!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og G. Jørgensen, NRK